

## Saksgang

Utværsla	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Handlingsplan - Selskapskontroll av Skyttel AS

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber **Skyttel AS** om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for oppfølging av selskapskontroll **av selskapet** til møte utvalet 10.05.2021.
  2. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon eller døme som viser det som er gjort på alle punkta, for å få på plass forbetingane.
  3. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 19.04.2021.
- 
1. Kontrollutvalet ber **Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant** om å koma med ny skriftleg tilbakemelding på status for **eigar** si oppfølging av selskapskontroll av Skyttel AS til møte i utvalet 10.05.2021.
  2. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet innan 19.04.2021.

### Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si første oppfølging av vedtak gjort i fylkestinget 29.09.2020 av selskapskontroll av Skyttel AS når det gjeld selskapet og eigar sitt ansvar for å iverksette forbetingstiltak.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjear

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen håndskrivne underskrift*

### Vedlegg

- 1 Prioritert handlingsplan Skyttel november 2020
- 2 Selskapskontroll av Skyttel AS - handlingsplan

### Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 92/20 i møte 29.09.2020:

*På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Skyttel AS ber fylkestinget Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant bidra til at eigarane syter for å:*

1. *Vurderer korleis ein kan legge til rette for å sikre tilfredsstillande kontinuitet med omsyn til eigarrepresentasjon i generalforsamling og eventuelle eigarmøte.*
2. *Etablerer ein felles eigarstrategi for Skyttel AS.*
3. *Etablerer ein rutine for jamlege eigarmøte.*
4. *Fylkestinget ber også om at eigarane lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

*«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Skyttel AS ber fylkestinget eigarrepresentanten i Vestland fylkeskommune bidra til å be styret syta for at selskapet:*

1. *Utarbeider ein strategi for selskapet.*
2. *Held fram med forbetringsarbeidet knytt til systematisering og skriftleggjering av styrearbeidet*
3. *Utarbeider rutinar for å dokumentere godkjenning av bierverv.*
4. *Etablerer ei føremålstenleg eigarrapportering.*
5. *Sikrar etterleving av personopplysningsregelverket, inkludert:*
  - a) *Vurderer formalisering av vurderingane som ligg bak forståinga av at Skyttel i hovudsak er databehandlar av personopplysingar på vegner av andre.*
  - b) *Utarbeider og ingår databehandlaravtalar med alle selskapet sine databehandlarar.*
  - c) *Treff tiltak for at det blir inngått databehandlaravtale med alle oppdragsgjevarane Skyttel behandlar personopplysingar på vegner av.*
  - d) *Held protokollen over behandlingar av personopplysingar á jour og komplett.*
  - e) *Gjennomfører tilstrekkelege risikovurderingar for behandling av personopplysingar.*
  - f) *Treff tiltak for å sikre at overføring av personopplysingar frå EØS blir gjort i samsvar med krava i regelverket.*
6. *Etablerer tilstrekkeleg økonomisk internkontroll, mellom anna:*
  - a) *Sikrar at kvalitetssystemet blir implementert i organisasjonen.*
  - b) *Tydeleggjer og formaliserer kven som har kva ansvar og rolle på økonomiområdet, t.d. gjennom å etablere ein fullmaksstruktur og å oppdatere relevante stillingsskildringar.*
  - c) *Utarbeider retningslinjer knytt til bestilling og gjennomføring av reiser for å sikre ein lik praksis for dei tilsette.*
7. *Sikrar at rutinar og praksis for innkjøp er tilstrekkeleg utfyllande og effektive, inkludert:*
  - a) *At innkjøpsrutinen femner om relevante innkjøpsfaglege prosessar.*
  - b) *Sikrar at innkjøp blir konkurranseksponert i samsvar med føringar frå styret.*
  - c) *Sikrar at innkjøp blir tilstrekkeleg dokumenterte for å sikre etterprovbarheit*
  - d) *Vurderer tiltak for å tydeleggjere kva innkjøpsfagleg rolle den innkjøpsansvarlege skal ha.*
8. *Fylkestinget ber også om at styret syter for at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.11.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

#### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følge opp fylkestinget sine vedtak etter revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

#### Vurderingar og verknader

Tilbakemelding frå styret i selskapet:

Sekretariatet har motteke notat dagsett 31.10.2020 frå Skyttel AS (vedlegg 1), som inneholder handlingsplan for oppfølging av selskapskontroll av Skyttel AS for det som gjeld vedtaket om kva styret i selskapet skal syta for å gjera.

Av notatet frå Skyttel AS går fram at det er sett i gang og gjennomført fleire forbetningsprosessar for å bidra til forbetring i selskapet, men at det framleis står att ein del arbeid som er planlagd ferdig gjennomført innan utgangen av 2020.

Ut frå det som går fram over bør kontrollutvalet be om å få ny skriftleg tilbakemelding på status på oppfølging av denne selskapskontrollen til møte i utvalet 10.05.2021. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon eller døme som viser det som er gjort på alle punkta, for å få på plass forbetringane.

Tilbakemelding frå eigarrepresentant:

Når det gjeld handlingsplan som gjeld eigarrepresentanten sitt oppfølgingsansvar etter selskapskontroll av Skyttel AS har vi motteke notat frå fylkesordførar (vedlegg 2) dagsett 29.10.2020.

Av notatet frå fylkesordførar går fram at det er sett i gang fleire forbetningsprosessar for å bidra til forbetring i eigar si oppfølging av selskapet. Ein del av dette arbeidet skal vera ferdig innan utgangen av januar 2021 medan arbeid med forslag til utarbeiding av eigarstrategi for Skyttel AS etter planen skal leggast fram til politisk handsaming i første kvartal 2021.

Ut frå det som går fram over bør kontrollutvalet be om å få ny skriftleg tilbakemelding på status på eigarrepresentanten si oppfølging av denne selskapskontrollen til møte i utvalet 10.05.2021.

**Konklusjon**Tilbakemelding frå styret i selskapet:

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber Skyttel AS koma med ny skriftleg tilbakemelding på status på oppfølging av denne selskapskontrollen til møte i utvalet 10.05.2021. Tilbakemeldinga må også innehalde skriftleg dokumentasjon eller døme som viser det som er gjort på alle punkta, for å få på plass forbetringane.

Tilbakemelding frå eigarrepresentanten:

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg tilbakemelding på status på eigarrepresentanten si oppfølging av denne selskapskontrollen til møte i utvalet 10.05.2021.